



## Kven har rett til tilbod i barnehage og skule?

Vi er inne i ei spesiell tid, og har stengt alle skular og barnehagar frå 12. mars. Likevel gir vi eit tilbod til barn av personell i kritiske definerte samfunnsfunksjonar.

Dersom **begge føresette** har arbeid med ein samfunnskritisk funksjon, eller du er eineforsørgjar med eit slikt arbeid, har du rett til å ha barna i barnehage og skule.

Har du barn med særskilde omsorgsbehov, som ikkje kan ivaretakast når barnehage og skule er stengt, kan du også ha rett til eit tilbod.

### Lever inn dokumentasjon

Foreldre som kvalifiserer for å ha barn i eit tilbod i barnehage eller skule, må levere ei stadfesting med dokumentasjon frå arbeidsgjevar. Du kan måtte levere dokumentasjon frå arbeidsgivar.

Dokumentasjonen må leverast barnehage/skule **innan måndag 16.mars**.

Har du spørsmål om dokumentasjonen? Ta kontakt med den aktuelle barnehagen/skulen.

### Kva er samfunnskritiske funksjonar?

- Styring og kriseleiing
- Forsvar
- Lov og orden
- Helse og omsorg
- Redningsteneste
- IKT-sikkerheit i sivil sektor
- Natur og miljø
- Forsyningssikkerheit
- Vatn og avløp
- Finansielle tenester
- Krafforsyning
- Elektroniske kommunikasjonstenester
- Transport
- Satellittbaserte tenester
- Apotek



Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap definerer kva funksjonar i samfunnet som er kritiske. Dersom du lurer på om du kjem inn under dei prioriterte gruppene kan du lese meir på:

[https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/rapporter/kiks-2\\_januar.pdf](https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/rapporter/kiks-2_januar.pdf)

### **Kva er særskilde omsorgsbehov?**

Dette gjeld multifunksjonshemma barn og elevar med særskilde omsorgsbehov. Det er i første rekke føresette som må vurdere bruk av tilbodet ut frå barnet og eleven sitt omsorgsbehov.

### **Om tilbodet**

**Barnehage:** Omsorgstilbodet skal gå føre seg innanfor barnehagen si ordinære opningstid.

**Skule:** Omsorgstilbodet for småtrinnet skal gå føre seg innanfor skule og SFO si ordinære opningstid.

Intensjonen med å stenge barnehagar og skular er å avgrense sosial kontakt mest mogeleg og dermed smitterisiko. Vi oppmodar om redusert sosialt samvær for å minimere smitte.

### **Hald deg oppdatert**

På [www.alver.kommune.no/korona](http://www.alver.kommune.no/korona) finn du siste nytt om korona-tiltaka i kommunen vår. Følg dei nye tiltaka, avgrens den sosiale omgangen til eit minimum og hugs å vaske hendene!

Mvh

Kristin Moe,

kommunalsjef oppvekst